

Torgrim snurrar på julefesten

16.12.2012



Torgrim i aksjon på Dønhauglåven. Det er pressesjef for Festidalen Hege Digranes som dansar til venstre

**Platesnurrarane Torgrim Øyre og Asbjørn Slettemark**

likar å snurre plater på det som nærmast er heimebane og under julefesten

2.juledag er det Torgrim som skal i aksjon att på Dønhauglåven.

Asbjørn tok sist ein tørn under Festidalen medan Torgrim var  
snurrar sist under påskefesten og hadde stor ære for ein  
myldrande suksess.

Då var det seld 400 bilettaar på førehand

Torgrim (født 1977) har ein vaken sans for kva festfolket vil ha og veit  
kva som lagar stemning i salen.

Han er da også ein av landets dyktigaste musikk-journalistar og DJ-ar  
med store kunnskapar om det han driv med..

Så var han da også black-metalmusikar  
i første fase av yrkeslivet - frå 1991 til 2001. Han var vokalist og tildels også  
gitarist i Malignant Eternal. I 1998 og 1999 spela han også bassgitar i  
Obtained Enslavement. Han hadde nok å pusle med ettersom han i 1998  
også var sesongbassist i Gorgoroth.

Torgims karriere som skrivande journalist starta i Plan8 og Natt&Dag  
og heldt fram som musikkansvarleg i Dagbladet.

Han har vore innom mange festivalar, som grunnleggjar av Hole inn  
the sky og dessutan Quart og Oslo live

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.



Torgrim og Asbjørn - kvinnheringar som har ein bra posisjon i platebransjen